

Fra: Kari Lin Kyrkjeeide [kari.lin@enivest.net]

Til: Eva Synnøve Solhaug Fosshagen [eva.fosshagen@sfj.no]

Kopi: Arthur Almenning [arthur.almenning@visma.com]

Sendt: 13.08.2019 12:46:35

Emne: Klage på avslag om skuleskyss, Nordfjordvegen 476 - Stryn vidaregåande skule

Vedlegg: IMG_20190813_114941.jpg

Vi viser til avslaget tilsendt i brev av 29.07.19, sak 19/5819-1. Vi viser og til dattera vår si innsende klage digitalt i starten av august og til telefonsamtale med Eva Fosshagen.

Vi bur ved riksveg 15 som er bygd mellom 1970 og 1980. Det er sterkt aukande trafikk, med store og lange trailerar og vegen er ikkje utbetra sidan den blei bygd. Her er ikkje gang- og sykkelveg. Det er livsfarleg å bevege seg på riksvegen både til fots og med sykkel. Med autovern heilt inn kvitestripa på nedsida av vegen og skråningar/hamrar på oppsida av vegen, er det svært lite plass for gåande/syklande. Den gamle vegen forbi Lindset kan nyttast, men det er først 800-900 meter på riksveg som må passerast.

Dersom ho skal gå, så vil det ta ein time ein veg, ved å gå gamlevegen vil strekninga bli like oppunder 6 km målt i fylkesatlas.

I tillegg til at det blir vinter og mørkt, morgen og ettermiddag, så får ikkje vi som foreldre oss til å sende 16-åringen ut på denne skulevegen.

Legg ved eit bilet som viser starten på skulevegen - med lastebilar som skal passere kvarandre.

Vi klagar med dette på avslaget på søknad om skuleskyss i brev av 29.07.19

Helsing

Anne-Lovise Almenning

Kari Lin Kyrkjeeide og Arthur Almenning

Sendt fra Galaxy Tab.